Bømlo kommune

Viktig informasjon til innbyggjarar

Informasjonspunkt i Bømlo kommune

Kva er eit informasjonspunkt?
Eit informasjonspunkt er ein stad der kommunen kan gi informasjon til innbyggjarane når mobilnett eller internett ikkje fungerer.

- Informasjonspunkt Rådhuset (Leirdalen 1, 5430 Bremnes) er tilgjengeleg innan 24 timar etter bortfall.
- Informasjonspunkt i delsentra er tilgjengeleg innan 72 timar etter bortfall.
- Kontakt med naudetatane: Møt på hovudbrannstasjonen (Leirdalen 9, 5430 Bremnes) (døgnope).

Kva kan du få hjelp til?

- få oppdatert informasjon om situasjonen lokalt
- få informasjon om kommunen sine tenester og andre forhold som berører innbyggjarane
- få hjelp til å formidle viktig kontakt vidare til nødetatar

Viktig å vite
Informasjonspunkt er berre meint for korte besøk, og det er viktig at du **berre møter opp dersom det er heilt nødvendig. Bruk DAB radio som primær kjelde til informasjon**. Informasjonspunktet erstattar ikkje eigenberedskap. Alle som kan, bør vere førebudd på å klare seg sjølv i minimum èi veke. Då kan kommunen og nødetatane prioritere dei som treng mest hjelp.

